

Sakstype: Vedtakssak
Saksnr.: 29/21
Møtedato: 18. oktober 2021
Notatdato: 4. oktober 2021
Sakshandsamar: Frode Bremnes

Sak: Ny finansieringsmodell for MN fakultetet

Tidlegare vedtak: Ny finansieringsmodell var vedtakssak nr. 45/20 i styremøtet 7. desember 2020.

Føremål: Saka gjeld innføring av ny finansieringsmodell for fakultetet.

Fakultetet har arbeidd med ny finansieringsmodell etter vedtak i dekanat av 29. mai 2018. Modellen skal vere eit eigna verktøy for leiinga ved fakultetet til å realisere fakultetet og universitetet sin strategi.

Prinsipp for ny finansieringsmodell vart vedteke i styremøtet i desember 2020.

Føremålet med denne saka er å vedta innføring av ny modell.

Forslag til vedtak:

1. Ny finansieringsmodell vert innført med verknad frå 1/1-2022.
2. Innfasing av ny modell skjer over 3 år. Budsjettøytral tildeling i innføringsåret.
3. Tildelingsgrunnlaget for institutt vert vidareført som i dagens modell. Det betyr at grunnlaget er tildeling frå UiO redusert med strategisk satsing og drift av fellestenester.
4. Modell for kompensasjon av internhusleiekostnad fortset som i dagens modell inntil ny modell for arealstøtte er på plass.
5. Innføring av ny mekanisme for å avgrense vesentleg saldo på basis vert utsett inntil vidare.

Saksnotatet bygger på sak 45/20.

1. Bakgrunn

UiO er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Det betyr at UiO er rammestyrt og har resultatmål frå KD. Fakultetet og våre institutt er på same måte rammestyrt og styrer fordeling av løyvinga sjølv innanfor samfunnsopdraget og rammene elles. Vilkår er:

- KD sitt kandidatmåltall (profesjonsutdanning) skal fyllast
- Talet på nye studieplassar skal fyllast og nyttast i tråd med øyremerking
- Samla tal på rekrutteringsstillingar skal fyllast

Øyremerka midlar til særskilte føremål skal nyttast i tråd med føremålet

2. Historikk

Dagens finansieringsmodell for fakultetet vart innført i 2010 etter vedtak i fakultetsstyremøte 22. juni 2009.

Tabell som viser dagens modell:

Aktivitet/tildelingsmåte	Basis	Resultat	Satsing
Forskningsbasert utdanning	Studieplassar	Studiepoeng Utveksling	
Forskning	Rekrutteringsstillingar Vitskapleg utstyr	Doktorgrader NFR inntekter EU inntekter Publikasjonspoeng	Forskingscenter
Anna	Internhusleige		
Tilpassing	Uforklart del/restledd		

Ved overgang mellom finansieringsmodellar vil restledd representere historisk uforklart del. Uforklart del (restledd) vil òg fungere som justeringskomponent ved varige endringar. Dette leddet kan vere positivt eller negativt.

Kort fortalt er dagens finansieringsmodell slik at statsløyvinga til fakultetet blir fordelt til institutt etter at midlar til fakultetet sine satsingar, drift av fellestenester og kompensasjon for internhusleige er tatt ut. Dersom utrekning av midlar til institutt er større enn tildeling, vert dette justert gjennom eit rammekutt (pro rata).

Tildeling til institutt er delt i om lag 45 % til utdanning og 55 % til forskning. Desse tildelingane vert redusert til slutt gjennom eit rammekutt som for 2022 utgjer omtrent 15 % av midlar til institutta. Ei grovt gruppert inndeling av midlar inn til fakultet (UiO modell) og vidare til institutt (MN modell) er illustrert under:

UiO modell	Utdanning 435 mkr	Forskning 480 mkr	Rammekutt - 95 mkr
MN modell	Utdanning 435 mkr	Forskning 495 mkr	Rammekutt - 122 mkr

Dagens modell blir opplevd som vanskeleg å forstå og lite føreseieleg av fleire årsaker:

- Rammekuttet til institutta utgjør ein stadig større del. Dette kuttet skjer pro rata og har etter kvart stor strategisk effekt. Rammekuttet er initiert av auke i varige kutt i tildeling frå KD (ABE-kutt) samt kutt frå UiO-styret.
- Parameter for studieplass har i stor grad eit statisk grunnlag frå historisk studiepoengproduksjon i perioden 2006-2008. Det er ikkje noko direkte kopling mellom tildeling for studieplass og faktisk tal på studentar, opptaksramme på studieprogram eller dagens studiepoengproduksjon.
- Insentivpris for EU-inntekter er høgare enn pris inn til fakultet. Insentivet kan gje store utslag på relativt kort sikt på grunn av store inntektssvingingar innanfor ein kort tidsperiode. Dette utgjør ein stor risiko for det einskilde institutt, fordi det tar tid å endre aktivitetsnivået ved bortfall av inntekt.
- Insentiv for studiepoengproduksjon går til emneigar (emneinstitutt) og tek ikkje omsyn til vertsinstitutt for studieprogrammet (programinstitutt).
- Fleire insentiv har liten eller ingen effekt for strategiske val på operativt nivå.
- Tildeling til vitskapleg utstyr er tufta på eit statisk historisk grunnlag.
- Konsekvensen av dette er at økonomiske avgjersler vert tufta på eit usikkert grunnlag.

3. Hovudtrekk i ny modell

Ein vil halde på metoden at løyvinga til institutt er eit resultat av løyving frå UiO redusert med midlar til fakultets satsingar, drift av fellestenester og inntil vidare kompensasjon for husleige. Det betyr at nivå på satsingar på fakultetet framleis vil vere på ca. 3-4 % av tildeling til MN.

Føresetnadane for ny modell er at den skal vere nær knytt til kjerneaktivitetane forskning og undervisning, bidra til naudsynnte endringar samtidig som modellen skal sikre tilstrekkeleg stabilitet på lang sikt.

Nøkkelmoment i ny modell:

- Balanse i tildeling mellom utdanning og forskning.
- Tydeleg kopling mellom utdanningsproduksjon (aktivitet) og inntekt.
- Redusert pott og prisnivå for å unngå rammejustering til institutt.
- Årleg prisjustering av komponentane med føremål å unngå vidareføring av UiOs sentrale rammejustering til institutt.
- Innføring av mekanisme for å unngå at institutt bygger opp vesentleg saldo ¹⁾.
- All ekstern finansiert forskingsaktivitet gjev insentiv, prisnivå er kopla til pris inn og redusert.
- 5-årig rullerande midling av grunnlag for komponent (unntak for rekrutteringsstillingar) for å sikre god balanse mellom dynamikk og stabilitet i modellen.


¹⁾ Det vil bli innført mekanisme for å unngå vesentlig saldo etter at vilkår for 5 % / avsetningsregel er klart.

Dette er komponentar i ny modell i tabellform:

Aktivitet/tildeling	Basis/resultat	Satsing
Forskningsbasert utdanning	Studiepoeng Kandidat	
Forskning	Rekrutteringsstillingar Doktorgrader EU inntekt Forskningsrådsinntekt Øvrige eksterne inntekter	Forskingssenter
Anna	Støtte til husleige	
Tilpassing	Strategisk komponent	

Det er eit overordna mål for modellen å unngå rammejustering. Intensjonen er at fakultetet skal vere buffer slik at institutt i stor grad har stabilitet. Modellen vil ha rammejustering som opsjon ved ekstraordinære finansieringsbehov ved fakultetet.

Figuren under illustrerer korleis midlane til institutta kjem inn til fakultetet og fordeling i ny modell. Beløp i illustrasjonen er basert på estimert løyving for 2022.



4. Forskningsbasert utdanning

I modellen vil dagens løyving til studieplassar, studiepoeng og utveksling bli erstatta med produksjon av studiepoeng og kandidatar. Studiepoeng vil gje uttelling både for emneinstitutt og programinstitutt. Tildeling av nye studieplassar eller endring av opptaksrammer vil difor ikkje ha økonomisk effekt før studiepoengproduksjonen kjem. Gjennom eit delt prisnivå vil programinstituttet også få tilført midlar sjølv om produksjonen skjer på andre institutt. Årlege svingningar i studenttal vil bli dempa gjennom 5-årige rullerande gjennomsnitt for å sikre balanse mellom dynamikk og stabilitet.

Dagens studieplassløyving er i stor grad basert på studiepoengproduksjon i perioden 2006-2008. Dette er eit statisk grunnlag, og reflekterer ikkje på ein god måte dagens studieaktivitet. Studieplasstildelinga utgjer i dag 2/3 av basistildeling for utdanning medan studiepoengproduksjonen utgjer 1/3. Utveksling utgjer berre 0,5% av utdanningsmidlane og har ubetydeleg insentiveffekt.

Det er ikkje fagleg differensiering av tildelinga i dagens modell. Det betyr at inntekter for produksjon av studiepoeng er uavhengig av ressursbruk. Eksperimentelle fag som kjemi og molekylærbiologi er klart meir kostnadskrevjande enn meir teoretiske fag som informatikk og matematikk. Dette vert kompensert i modellen med eit tillegg på instituttnivå for emneproduksjon på master og bachelor.

I ny modell vil prisnivå for studieproduksjonen bli ført vidare i samsvar med finansieringskategoriane til KD. Desse er delt i produksjon for bachelor, master og profesjon. Det er gjort eit unntak frå KDs satsar for profesjonsutdanning i farmasi. Dette er ei helseutdanning som gjev høg finansiell uttelling. Det vert foreslått at den 5-årige utdanninga får uttelling for studiepoengproduksjon som 3/5 i kategori B (profesjon) og 2/5 som master i KDs kategori C.

I dagens modell får kun emneinstituttet midlar for studieproduksjon. Det betyr at kostnaden med å følgje opp programstudenten ikkje er inkludert i modellen. Dette betyr at studentar som tek emne på andre institutt ikkje vil gje økonomisk uttelling til eige programinstitutt. Ny modell inneheld ein 2-delt pris med 2/3 av gjeldande pris til emneinstituttet og 1/3 pris til programinstituttet. Føremålet med denne endringa er å stimulere til og belønne samarbeid om studieproduksjonen på tvers av institutt.

Kandidater

Denne komponenten kom nasjonalt inn ved ei justering av finansieringsmodellen til KD og deretter til UiO frå 2017. Faktoren gjev stykkprisbetaling per uteksaminerte bachelor, master eller profesjonskandidat. Prisnivået er delt i finansieringskategorier tilsvarande som for studiepoengsproduksjon med unntak av integrerte kandidater som profesjonsutdanning av farmasøyter som får dobbel pris. I ny modell er det lagt inn tillegg for produksjon av master- og bachelorkandidater for institutt som har stor grad av eksperimentell aktivitet.

5. Forsking

Rekrutteringsstillingar

Rekrutteringsstillingar er ein særskild viktig ressurs ved fakultetet. I tillegg til å utgjere eit kritisk verkemiddel for strategisk endring spelar desse stillingane ei sentral rolle som undervisningsressurs og reiskap for utvikling av talent i egne rekker. I ny modell er det ikkje lagt opp til endring i måten desse stillingane vert finansiert på. Fakultetet får i dag midlar inn frå UiO i 4 ulike priskategoriar avhengig av type stilling og tidspunkt for tildeling.

Fakultetet praktiserer ein felles sats ut til institutt for alle stillingar og finansiering basert på årleg tildeling. Desse midlane er nær kopla til aktivitet gjennom personalkostnader og driftsmidlar. I ny modell foreslår fakultetet å redusere satsen, for å unngå rammejustering. Justert sats vil framleis gje god dekning av direkte personalkostnader for stipendiatar og postdoktorar. Det er lagt inn eit tillegg for institutt som har stor grad av eksperimentell aktivitet. Tillegget er på same nivå som tillegget i utdanning.

Avlagte doktorgrader

Denne komponenten vert med vidare i ny modell med eit 5-årig rullerande gjennomsnitt og ei marginal justering av pris til samsvar med UiOs pris inn til fakultetet.

EU-inntekter

Vekst i forskingsaktivitet finansiert gjennom program finansiert av EU er eit viktig element i strategien til MN-fakultetet og UiO sentralt. Politisk kjem denne ambisjonen til uttrykk gjennom sterke finansielle insentiv frå KD knytt til EU-finansierte prosjekt.

Dagens insentiv er ført vidare i ny modell, men med redusert insentivstyrke. Fakultetet ser at eit høgt EU-insentiv over tid fører med seg ein risikoutsett ekspansjon av instituttøkonomien. For ein liten instituttøkonomi kan bortfall av eitt eller fleire EU-prosjekt få store konsekvensar på kort tid. I ny modell vil difor fakultetet redusere insentivstyrken frå dagens nivå og ned til pris til fakultetet får frå UiO sentralt. Det vil vere eit for inngripande grep i å redusere dette insentivet som øvrige EFV-insentiv til 2/3 av UiO-pris på kort sikt. Dette vil vere eit langsiktig mål.

Inntekter frå Forskingsrådet

Dagens insentiv er med vidare i ny modell, pris er redusert til 2/3 av UiO pris inn til fakultetet.

Andre eksternt finansierte prosjektinntekter

Dagens modell gjev ikkje insentivinntekter til institutt utanom prosjekt finansiert gjennom Forskingsrådet og EU. Fakultetet får midlar inn fordi dette er ein komponent i UiO sin finansieringsmodell. I ny modell vil fakultetet jamstille insentiv for all bidrags- og oppdragsaktivitet (BOA) ut frå den tanken at all forskning gjev bidrag. Pris er basert på 2/3 av UiO pris inn til fakultetet.

Det er lagt til grunn at insentivstyrken for eksternt finansierte aktivitet er tufta på ei kopling til styrken på insentiv inn til fakultetet. Det betyr at om UiO endrar insentivstyrken i midlar inn til fakultetet vil ny modell også endre insentivstyrken.

6. Anna

Areal

Fakultetet har vesentlege kostnader til husleige, og eit potensial for arealeffektivitet. Behovet for ei betre mekanisme for å sikre god bruk av areal er stort. Arbeidet med ny mekanisme er i gang. Komponenten vert ikkje innført frå 1.1.2022.

Strategisk komponent/uforklart del

Den strategiske komponent som skal ta omsyn til ulikt kostnadsnivå og teknisk kompleksitet er lagt inn som eit tillegg for aktuelle institutt både i utdanningsparameter og i parameter for rekrutteringsstillingar.

Det vil vere nokre midlar som ikkje er forklart gjennom parameter, estimert til om lag 4 % av KD-tildeling. Fakultetsleiinga vil bruke desse midlane strategisk. Nokre institutt vil som følgje av endring av modell ha behov for ekstra støtte til å områ seg i ein periode. Fakultetsleiinga har gjennomført møte om økonomisk status med alle institutt. Leiinga vil inngå bilaterale avtaler for å sikre at institutt som har behov vil oppretthalde naudsynt økonomisk handlingsrom.

Vesentleg saldo

Det er på institusjonsnivå innført med verknad frå 1/1-2022 eit regelverk med føremål å hindre oppbygging av passiv vesentleg saldo. Det er per tidspunkt usikkert korleis dette vil effektuert nedover i organisasjonen. Prinsippet for utrekning av vesentleg saldo er akkumulert resultat på basis i forhold til statsløyving. Det er høve til å justere akkumulert resultat med godkjende satsingar.

Det er i fakultetet og institutt si interesse at midlane vert sett i aktivitet på ein økonomisk berekraftig måte. Det er naturleg å gje rom til å områ seg, og det er ikkje klart korleis denne mekanismen skal fungere i MN sin nye finansieringsmodell. Dette vil ein kome tilbake til i ei framtidig styresak.

7. Innføring og evaluering av ny modell

Ny modell legg til grunn ei budsjettøytrale innføring og at differansen i tildeling til institutt mellom dagens modell og ny modell vert trappa ned gradvis over 3 år.

Det betyr at ein i innføringsåret (år 1) reknar tildeling etter både gammal og ny modell men, tildeler midlar etter gammal modell. Overgangseffekten (differansen mellom tildeling etter gammal og ny modell i innføringsåret) vert 50 % kompensert komande år (år 2), i tillegg til tildeling etter ny modell. I år 3 er det tildeling etter ny modell. Illustrert i tabellen under:

Modell/år	År 1	År 2	År 3
Dagens modell	100		
Ny modell	97	97	97
Overgangseffekt	3	1,5	
Tildeling	100	98,5	97
Andel - tildeling vs dagens modell	100 %	98,5 %	97 %

Det kan vere behov for justering av modell dersom det til dømes er vesentlege endringar av rammevilkår eller at intensjon ikkje vert nådd. Dette vil ein sikre gjennom at fakultetsleiinga med jamne mellomrom legg til rette for evaluering av modellen.

8. Forventa effekt og utfordringar

Endring i tildelingsnivået er ein del av føremålet med å innføre ny modell. Modellen skal ha retning og effekt i tråd med fakultetets strategi for framtidig utvikling av våre institutt.

Eksperimentelle forskingsmiljø og utdanning på høgt internasjonalt nivå står sentralt i fakultetets strategi. Berekraftig og langsiktig finansiering av desse strategiske ambisjonane vil derfor vere eit viktig element i fordeling av strategisk komponent mellom institutta.

Ekstern finansiert forskning på nasjonale og internasjonale arenaer spelar ei stadig større rolle for fakultetets handlingsrom og utvikling. Samstundes har samfunnet forventning om at investeringane ved universiteta skal gje gode bidrag til samfunnet gjennom relevant undervisning med høg kvalitet. Det er fakultetet sin intensjon at finansieringsmodellen skal vere ein reiskap for fakultetet i arbeidet med desse utfordringane.

Forslaget til ny modell er basert på at midlar inn til fakultetet over tid skal sette rammer for utdeling av midlar til institutt. Det er lagt inn mekanismar for prisjustering som tek omsyn til nye varige kutt frå UiO. Dette vil redusere den økonomiske risikoen av modellforskjellen mellom UiO-nivå og fakultetsnivå.

Innføring av ny modell kan bidra til at nokre institutt vil få økonomiske utfordringar på kort horisont. Institutt har i dag eit aktivitetsnivå som er tilpassa over lang tid. Fakultetet ser at det vil ta tid å endre dette. Samstundes er det fakultetet sin intensjon at modellen skal setja tydelig strategisk retning og gjera inntektsgrunnlaget meir transparent og føreseieleg slik at nødvendige endringar kan bli identifisert og sett i verk innafor ei realistisk tidsramme.

9. Risiko

Ny modell har i hovudsak økonomisk risiko tilsvarande den grad MN sin modell er inkonsistent med UiO sin modell. Ny modell er produksjonsorientert i større grad enn før, avviker frå basistildeling i UiO sin modell for utdanning. Produksjonsparameter i ny modell er i tråd med parameter i UiO sin modell. I tillegg er avsett pott til fordeling og prisnivået redusert til midlar som MN får inn. Dette reduserer den økonomiske risikoen. Andre risikoelement er økonomisk effekt av avgjersler frå KD og UiO, samt vesentleg endring i rammevilkår.